

Jostein Smådal
Eidavegen 254
5993 Ostereidet
tlf.99519856

Jorun Borge
Eidavegen 207
5993 Ostereidet

Eknes, 170314

Gjeld: Skade på kloakkledning – Eknes.

Viser til mitt brev til Dykk av 150214 og til tidlegare samtale på tlf. den 051113.

Eg vil først og fremst få fram at eg ønskjer at me skal kunna gjera opp dette i minneligheit, og det var det som var mi hensikt både i brevet og i tlf.-samtalen.

Du antyda i tlf. at skadane kunne ha blitt påført av traktor m/ kjettingar som hadde kjørt over leidningen , og at leidningen låg for grunt.

Leidningen ligg slik den vart godkjent av Lindås Kommune i 1979 – både med omsyn til trassè og djupne/tildekning.

I tidsrommet sept. 2013 vart det klart for både meg og dei to andre som er tilknytta leidningen, at den kunne vera tett. Det vart forsøkt med spyling den 161013, men dette førte ikkje fram då det viste seg at det ikkje var gjennomstrøyming i leidningen.

Hjelmås VVS rekvirerte då gravemaskin, som avdekka at leidningen på eit tidspunkt tidlegare hadde blitt påført skade på ein måte og omfang som kunne vera forenlig med bruk av maskinelt graveutstyr.

Den einaste som me veit om som har hatt maskinelt graveutstyr på aktuell plass, er deg som grunneigar, og såleis må det vera riktig å retta min henvendelse til deg.

Det er beklageleg at eg/dei andre som er tilknytta, ikkje har fått beskjed om skaden, men likevel ønskjer eg at me no skal kunna gjera dette opp i minnelighet.

Eg har brukt forsikringsavtalen på dette, og skadetaksten / oppgjeret var på kr. 55.449,-.

Eg hadde ein egenandel på kr. 6000,- - denne vart oppgjort ved at eg deltok i reparasjonsarbeidet med egeninnsats (rekvirert av Hjelmås VVS), og vart berekna til å vera lik egenandelen.

Det kan nevntast at Frende Forsikring vurderte å senda heile kravet til deg som grunneigar, men eg har fått vite av selskapet at saka er avslutta – underforstått at dei ikkje har sendt noko krav til deg.

Såleis har eg berre eit rimeleg krav om at du som grunneigar erstattar kr. 6000,- som då utgjer egenandel/egeninnsats.


Eg har rådført meg med lokalt politi, som er enige med meg om at dette bør kunna ordnast i minneligheit. Eit alternativ til det kan vera at saka vert brakt inn for Konfliktrådet i Lindås Kommune, men personleg meiner eg at dette bør vera unødvendig.

Beløpet kr. 6000,- kan fortsatt godskrivas min **konto nummer: 3411 23 10454.**

Eg vil fortsatt gje deg ein rimeleg frist for innbetaling/ svar, og fristen vert å setja til 12. april 2014.

Eg ber om at du svarer på denne henvendelse, slik at eg kan vita om dette løyser seg eller ikkje.

Med vennleg helsing



Jostein Smådal